BESTANDSPLAN
FOR
HJORT



MIDTRE NAUSTDAL

STORVALD
2014 - 2016

INNHALDSLISTE

DEL 1 INNLEIING
1.1 Planområde……3
1.2 Planperiode……3
1.3 Hovudmål og delmål……...3
DEL 2 STATUS OG VURDERINGAR
2.1 Hjorteviltstammas utbreisle og trekkforhold……...4
2.2 Beiteskader……4
2.3 Statistikk……5
2.3.1 Fellingstal……5
2.3.2 Vårteljing……...6
2.3.2 Sett Hjort……6
2.3.4 Måloppnåing førre bestandsplan……7
DEL 3 HANDLINGSDEL
3.1 Avskyting……8
3.2 Felling av skadedyr ……9
3.3 Sett – hjort og vårteljing……9
DEL 4 DRIFT
4.1 Utgifter……9
4.2 Ettersøksavtaler……9
4.3 Rapportering……9
DEL 5 AVSKYTINGSPLAN……10


DEL 1 INNLEIING

1.1 Planområde

Storvaldet sitt område omfattar følgjande jaktfelt:

02-038 Vatnevatnet	02-092 Øvrebø/Areklett
02-039 Russeneset/Hellenes	02-096 Kringla og Stranda
02-088 Andal	02-099 Naustdal
02-086 Einevold/Storelid	02-100 Jonstad/Skei
02-089 Helle	02-101 Jonstadstølen
02-090 Slettehaug	02-102 Hove/Veien

Totalt areal for valdet er **49 209 dekar**



Figur 1. Kart som syner avgrensinga til Midtre Naustdal Storvald. PS: Grensene er rettleiande og ikkje nøyaktig innteikna. Kjelde: Statens kartverk og Midtre Naustdal Storvald

1.2 Planperiode

I følgje regelverket kan det lagast bestandsplanar for hjortevilt på inntil fem år. Denne plana er treårig og gjeld for perioden 2014 – 2016. Planen skal reviderast innan årsmøtet i 2017.

1.3 Hovudmål og delmål

Midtre Naustdal Storvaldet har som overordna mål å forvalta hjortestamma på ein slik måte at ein sikrar ein optimal og vedvarande produksjon og avkastning , sunne og friske dyr, god kjøns og alders fordeling med passande stammestorleik i høve til område si bæreemne (beitetilgong) og skadepress (skog og innmark) for anna verksemd.

- Det er ynskjeleg med ei stabilisering av bestanden i tal på dagens nivå
- Auke andelen eldre bukkar i bestanden
- Auke slaktevektene på sikt


- Sikre god dokumetasjon av sett hjort av dei som jaktar for å sikre betre beslutningsgrunnlag for forvaltning av stamma.

DEL 2 STAUTS OG VURDERINGAR

2.1 Hjorteviltstamma si utbreing og trekkforhold

Storvaldet er eit variert geografisk område som har heile høgdegradienten frå fjorden og opp til snaufjell. Storvaldet har derfor ein del variasjon i korleis hjorten nyttar dei ulike områda i ulike årstider. Det er likevel på det reine at store delar av storvaldet er typiske vinterområder. Særleg gjelder dette områda frå og med Naustdal og utover Stranda langs fjorden.

Merkeprosjektet i Sunnfjord og Sogn har hatt merka dyr i området til storvaldet og i områda rundt. Figur 2 syner registrerte posisjonar til ein bukk som vart merka på Fitje i Naustdal sumaren 2007, og som stod i storvaldet sitt område hausten 2007.



Figur 2. Kart som syner områdebruk for merka bukk hausten 2007.
Kjelde: Merkeprosjektet i Sunnfjord og Sogn.

Når merkeprosjektet er ferdig får ein forhåpentlegvis meir kunnskap og data om trekkforhold og områdebruk i området til storvaldet og omkringliggande område.

Dersom det vert observert eller felt dyr med radiosendar skal dette meldast i frå om. Enten direkte til merkeprosjektet eller via kommunen. Merka dyr kan fellast på lik linje med alle andre dyr.

2.2 Beiteskader

Det er ikkje gjort undersøkingar som avdekkjer eventuelle beiteskader på skog eller innmark. Men det er områder i vinterbeiteområdane med meir beiteskadar enn andre plassar. Det bør i planperioden arbeidast med å kartlegge eventuelle skadar på innmark og skog.

2.3 Statistikk

Der er ulike typar statistikk som vert nytta i bestandsplanarbeid. I denne planen skal vi basere oss på fellingstal, vårteljing, sett hjort og den førre bestandsplana.

2.3.1 Fellingstal

Fellingstala er oversikt over kva dyr som er skote og dermed kva dyr som er teke ut av bestanden. Vi skal sjå på kva som er felt i storvaldet siste bestandsplanperiode. Dette er synt i tabell 1. I Figur 3 er den totale avskytinga i bestandsplanperioden fordela i prosent på ulike kjønns- og aldersgrupper.

Tabell 1. Oversikt over felte dyr i planperioden 2013.
Kjelde: Midtre Naustdal storvald

Fellingsrapport								
Jaktfelt navn	**kode**	**Hannkalv**	**Hokalv**	**spissbukk**	**kolle 1 1/2**	**eldre bukk**	**Eldre kolle**	**Tot pr jaktfelt**
Vatnevatnet	02-038	3	2	3	2	4	1	15
Russenes/gjøringbø	02-039	1	1	3	1	2	0	8
Helle	02-085	1	1	2	3	2	1	10
Einevoll/Storeli	02-086	1	1	5	4	2	1	14
Andal	02-088	3	0	6	5	5	1	20
Slettehaug	02-090	1	1	1	0	1	2	6
Øvrebø/Areklett	02-092	1		3	1	0	1	6
Kringla/Stranda	02-096	0	0	0	2	1	0	3
Naustdal	02-099	1	1	4	0	1	2	9
Jonstad/Skei	03-100	2	1	2	3	1	1	10
Jonstadstølen	03-101	0	0	0	0	0	0	0
Hov/Veien	03-102	1	3	4	5	3	2	18
								119
	sum	15	11	33	26	22	12	119
		Sum kalv/ungdyr/eldr	23		50		37	
						Fellings-%	81,50684932	


Midtre Naustdal storvald har i førre planperiode hatt ein fellingsprosent på ca 80, noko som er ganske normalt. Vi kan sjå t tabell 1 at både tildeling og felling har vorte auka ein del gjennom planperioden. Men sidan tildelinga har vorte auka opp meir ann kva fellingstala har auka, so har fellingsprosenten gått ned gjennom perioden. Det kan vere eit teikn på at der ikkje er behov for meir auke, dersom ikkje særlege tilhøve skulle tilseie det.

Fordelinga i avskytinga er særs god i høve til kva som vert anbefala innan hjorteforvaltinga. Handdyrandelen i avskytinga er på 47,8 % og andelen vaksne dyr er på 36,3 %. I normale hjortebestandar vert det tilrådd eit kjønnsnøytralt uttak og eit uttak av vaksne dyr på maks 40 %. Avskytinga er derfor, ut i frå desse tala, berekraftig og med på å sikre ein robust og god stamme.

2.3.2 Vårteljing

I Naustdal kommune vert det kvart år gjennomført vårteljingar. Det vert telt på innmark på tre faste datoar i april og mai. Det er knytt ein del usikkerheit til vårteljing som metode, men det

er likevel ein god indeks for å vurdere bestandsutvikling over fleire år. Teljingsresultata for Midtre Naustdal storvald 2011– 2013 er synt i figur.



Figur . Resultat av vårteljingane i 2011, 2012 og 2013.

Tabellen over er basert på snitttal som kjem fram ved at ein deler dei tre årlege målingane. Innafor måleperiodane er det til dels store ulikheiter, men dette er meir eit bilete på den statistiske metoden sine ulemper.


Totalt på alle tre teljingane so vart det gjort 216 observasjonar i 2011, 301 observasjonar i 2012 og 273 observasjonar i 2013. Variasjonen innan samla observasjonar er innanfor det ein kan forvente. Det er for mange usikre variable som vil påverke slike observasjonar til at ein kan tolke desse som faktiske faste talverdiar.

Trass i at det har vore flire strenge vintrar i det siste er observasjonstala lite påverka av dette slik det ser ut. Fordelinga av observasjonar fordelt på kategori er heller ikkje utanfor den trend ein kunne vente, samt syner heller ikkje spor av den nemnde vanskelege vintrane.

Slik dette grunnlaget kjem fram er den stamma som ein har forvalta i Midtre Naustdal Storvald svært lik den stamma som har vore observert det siste 10 året.

2.3.3 Sett hjort

Det har vore registrert *sett hjort* i ein del år i Naustdal, og vi byrjar å få gode dataseriar på dette materialet. *Sett hjort* -resultat frå Midtre Naustdal storvald er synte i figur 5. (Tala frå 2010 er ikkje henta frå Hjorteviltregisteret, men rekna ut manuelt hjå Sogn og Fjordane Skogeigarlag med bakgrunn i dei innleverte skjema frå jaktfelta).




Figur 5. Syner utviklinga for dei tre viktigaste *sett hjort* – parametera; *sett hjort per jegerdagsverk, sett kolle per bukk,* og *sett kalv per kolle*, i perioden 2005 – 2010.
Kjelde: Hjorteviltregisteret og Midtre Naustdal storvald

Sett hjort per jegerdagsverk er eit mål på tettleiken i bestanden og dermed indirekte på storleiken. Som vi ser i figuren har denne indeksen gått ned litt frå 2009 til 2010, men nedgangen er ikkje stor. Ein må hugse på at ein må rekne med litt variasjon når ein har å gjere med eit område på denne storleiken. Etter å ha gått ned litt i 2008, so har denne indeksen lege relativt stabil gjennom heile den førre bestandsplanperioden. Det tyder på ein ganske stabil bestand.

Sett kolle per bukk er ein indeks som seier noko om kjønnsbalansen i bestanden. Denne er no på veg ned etter å ha vore høg i 2008. Eit normalt og sunt nivå for denne indeksen er på mellom 1 og 1,5. For storvaldet sin del går derfor utviklinga riktig veg og er i ferd med å komme innanfor det som vert anbefala. Truleg takka vere avskytinga i storvaldet som har hatt ei overvekt av hodyr i førre planperiode.

Sett kalv per kolle seier noko om produksjonen i bestanden. Eit høgt tal her betyr at mange av kollene går med kalv og derfor at mange er produktive. I 2010 var denne på 0,71 og den har hatt ein jamt over stigande tendens siste 5 åra. Dette er ei positiv utvikling produktiviteten er no på eit bra nivå.



På grunn av at graf ikkje er særs lesbar når det gjeld jegertime pr observasjon av dyr opplyser vi at tala for 2010 er snitt på 0,34, for 2011 er snittet o,31 og for 2012 er snittet 0,22.
Det er eit håp frå styret i storvaldet at desse data skal bli langt betre når bruk av datasida "sett og skutt" blir det standardiserte verktøy for alle jegarar. Styret vil ta opp slik sak i årsmøtet for å få årsmøtet sitt syn på slikt generelt krav.

Kvaliteten på desse innsamla data kan ein stille spørsmål om. Storvaldet ser at det er behov for å syrke lojalitet mot denne registreinga av den enkelte jeger same dag ein har vore på jakt. Styret legg derfor til grunn at årsmøtet handsamar spørsmålet slik at ein har eit felles standpunkt opp mot dette. Bruk av direkterapportering inn i dataportalen er langt å føretrekke, men kan ha nokre kontrollutfordringar.

2.3.4 Måloppnåing førre bestandsplan

Tabell 2. Syner i kva grad dei ulike måla i avskytingsplanen for 2011 – 2013 vart fylgt.
Kjelde: Midtre Naustdal storvald

Kategori	plan	felling	oppnådd?
Kalv	min 25 %	28 %	ja
Ungdyr	min 35 %	40 %	ja
Eldre kolle	max 20 %	15 %	ja
Eldre bukk	max 20 %	17 %	ja

Tabell 2 syner i kva grad bestandsplana vart fylgt i førre planperiode. Storvaldet har vore svært flinke til å fylgje den vedtekne plana.
Dette betyr igjen av det i denne plana blir lagt til grunn at forvaltninga av ressursen i Midtre Naustdal Storvald er gjennomført med toppkarakter. Storvaldet og det enkelte jaktfelt har god grunn til å glede seg over resultatet.

DEL 3 HANDLINGSDEL

3.1 Avskyting

Midtre Naustdal storvald legg til grunn at bestanden har vore relativt stabil siste åra. Storvaldet ynskjer å stabilisere bestanden på det nivået den er på i dag. Storvaldet legg derfor opp til ei avskyting per år omtrent på same nivå som fellinga i 2010- 2013. Dette betyr at vi held fram med ei avskytingsplan som er lik den som var innført i førre planperiode. Det skulle då verte 369 dyr totalt for neste treårsperiode. (2014-2015 og 2016)

Avskytinga i storvaldet er rimeleg stabil på kring 80% etter at det vart innført ei fleksibel ramme på 20% i førre planperiode. Storvaldet vil derfor legge på 20 % også i denne planperioden på dei 369 løyva. Då har storvaldet stor nok ramme dersom fellinga framleis skulle auke mot ei målsetting opp mot 85%. Inkludert i denne ramma er og ein skrapdyrkvote på 5 dyr per år, til saman 15 dyr for perioden.

Midtre Naustdal storvald vil derfor søkje om til saman 444 løyver i perioden 2014 – 2016.
I høve til dei løyva som totalt sett vart tildelt for 2011 – 2013, so er det vidareføring utan endring

Det er framleis eit mål å auke andel storbukk i bestanden. Det bør derfor vere maks 50 % hanndyr i avskytinga, og gjerne litt mindre. Vidare vil storvaldet framleis sikre ein robust og produktiv stammma, og derfor jobbe for å heve gjennomsnittsalderen. Derfor skal det vere maks 40 % vaksne dyr i avskytinga.

Fordelinga av løyva bør gjerast etter følgjande alders og kjønnsfordeling:

- Minimum 25% kalv
- Minimum 35% ungdyr av begge kjønn
- Maksimum 20% eldre kolle
- Maksimum 20% eldre bukk

Skrapdyrordninga skal vidareførast for å stimulere til uttak av små dyr. Skrapdyrvektene vert og vidareførte, og er som følger:

Kalv:	18 kg
Fjorkolle:	35 kg
Spissbukk:	38 kg

Koller skal ikkje skytast frå kalven, og jaktleiaren i kvart jaktfelt har ansvaret for jakta i dei einskilde jaktfelta. Jaktfeltleiaren innrapporterar felte dyr til valdleiaren straks etter jaktslutt.

3.2 Felling av skadedyr

Felling av skadedyr handsamas av dei einskilde jaktfelt, eventuelt i samarbeid med storvaldet. Dyr som vert skote som skadeløyve skal i hovudsak takast på det aktuelle jaktfelt si kvote. Dersom det skulle oppstå auka problem med beiteskade bør det aktuelle jaktfelt eller grunneigar, storvaldet og kommunen i samråd freiste å finne løysingar eller få sett i verk tiltak som kan hindre eller redusere skaden. Felling av skadedyr utanom ordinær jakttid må det søkast til kommunen om.

3.3 Sett hjort og vårteljing

Storvaldet skal halde fram med føring av sett hjort, og sikre gode rutinar for føring og innsamling av sett hjort. Hugs å føre sett hjort skjema fortløpande.
Storvaldet skal halde fram med vårteljing i samarbeid med kommunen og dei andre storvalda.

DEL 4 DRIFT

4.1 Utgifter

Utgifter til drift av laget dekkjast av Midtre Naustdal Storvald, og det skal i høve til dette arbeidast opp mot det kommunale viltfondet om å dekkje utgifter til normal drift av valdet etter søknad.

4.2 Ettersøksavtaler

Kravet om godkjent ettersøkshund er ikkje grunneigarretta, men eit krav til jegeren.

4.3 Rapportering

Alle jaktfelt i valdet skal årleg levere rapport om felte dyr i høve til tal dyr og fordeling på kjønn og alder samt slaktevekter til styret i laget **straks** etter kvar jaktsesong. Oversikt over felte dyr skal leverast leiar av storvaldet **innan 5 dagar etter jaktslutt**. Det er og viktig at jaktfelta leverar sett hjort skjema til valdansvarleg **umiddelbart** etter jaktslutt. Dette fordrar at

skjema vert fylt ut fortløpande og at jaktfeltleiar sender inn samleskjema for jaktfelta til valansvarleg. Om jaktinnsatsen er større enn kva som er plass til på eit skjema brukar ei berre det tal skjema som passer. Det er vidare viktig at jaktfeltleiar skriver under skjema med namn og kontaktpunkt slik at eventuelle feil og manglar kan rettast opp, før innlegging i Hjorteviltregisteret.
Vedtak om utvida krav om bruk av dataportalen" Sett og skutt" vil endre kravet til føring slik at dette er tilpassa denne plattforma. Jaktleiar i kvart jaktfelt er framleis ansvarleg for at den enkelte jeger rapporterer som bestemt.

DEL 5 AVSKYTINGPLAN

Midtre Naustdal Storvald inngår følgjande bindande avtale med Naustdal kommune om avskyting av hjort for perioden 2014 – 2016:

- Midtre Naustdal Storvald får tildelt 444 dyr for heile planperioden på tre år. Dette gjev ei fordeling på i gjennomsnitt 148 løyver per år.
- Dette kan fråvikast enkeltår, med + / - 20%. Det er sluttsummen som skal gjelda
- Fellingsresultatet for dei tre avtaleåra skal etter jaktsesongen 2014 vere slik: Minimum 25% kalv, minimum 35% ungdyr, maksimum 20% eldre kolle og maksimum 20% eldre bukk
- Alle løyva vert tildelt storvaldet frå kommunen som frie dyr.

Elles gjeld dei same pliktar om jakt og rapportering som viltlova med forskrifter stiller krav om.

Valdansvarleg for laget For kommunen

…… ……